



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 02.11.2016  
Vår ref.: 2014/11640-88  
Saksbehandlar: tortitt  
Dykkar ref.:

## Prosjektet Kystpilegrimsleia. Ny oppstart med ny prosjektleiing

Initiativet til prosjektet sprang ut frå Rogaland bispedømme, og i åra 2012 til 2013 vart det sett i gang eit forprosjekt for å utgreie ideen om ei Kystpilegrimslei frå Rogaland i sør til Nidaros i nord. Arbeidet i forprosjektet munna ut i ein omfattande rapport som har vore eit viktig grunnlagsdokument for den vidare utviklinga av prosjektet. I perioden 2013/2014 vart det også utvikla eit GIS-basert kartgrunnlag, sjå vedlegg 1.

I 2014 kom Kystpilegrimsleia med under Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram. Prosjekteigarar var fylkeskommunane Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, samt bispedømmet. Sogn og Fjordane fylkeskommune vart koordinator for prosjektet, og hadde arbeidsgjevaransvaret for prosjektleiar.

Prosjektet gjennomførte i 2014 ein lanseringsseglas med «M/S Nordstjernen» frå Stavanger til Trondheim. Skipa vitja 13 destinasjonar på vegen – i Hordaland vart Moster og Bergen besøkt.

### Prosjektutvikling 2014-2016

Utviklinga i prosjektet skjedde i perioden 2014 til hausten 2015 i samsvar med prosjektplanen. Her kan mellom anna nemnast:

- På lanseringsseglasset, vart det teke med ei intensjonsavtale om å vere med i prosjektet i form av ei bodstikke. 12 kommunar underteikna bodstikka sommaren 2014
- Etablert samarbeidsavtale mellom alle prosjektdeltakarane
- Oppnemning av kontaktpersoner i 65 kommunar
- Gjennomført syv etappesamlingar fordelt over hele kysten
- Innhenta tiltak for samarbeid frå 50 kommunar,
- Fikk tilslag av 40 kommuner som ønsket å delta på sommerevent for 2015

Viktigast var etappesamlingane med kommunar, frivillige organisasjonar og næringsliv langs strekka. Målet med etappesamlingane var enkelt. Vi ville inspirere og involvere, samt lære av de lokale kreftene. Vi designa eit ein-dags opplegg som var mynta på å gjøre nettopp dette. Etter samlingane, vart kommunane invitert til å kome med tilbakemeldingar. Dei mest vanlege var:

- Informere innbyggjarane.
- Informere næringa.

- Definere trase.
- Vedta Kystpilegrimsleia som politisk satsing for reiselivet i kommunen.

Hausten 2015 stoppa arbeidet opp. I januar 2016 sa prosjektleiar opp stillinga si.

### **Arbeidet med å få på plass ny prosjektleiing**

Arbeidet vart drive fram av styringsgruppa og den utvida arbeidsgruppa/prosjektgruppa. Når det gjeld prosjektorganiseringa, vert det vist til vedlegg 2.

- 24. februar 2016. Styringsgruppa vedtek å basere ny prosjektleiing på kjøp av teneste, Hordaland fylkeskommune får ansvaret for prosessen
- 14. og 15. mars 2016. Saksførebuande møte i den utvida arbeidsgruppa
- 22. april 2016. Styringsgruppemøte. Vedtak I følgjande saker:
  - Vekting av destinasjonar
  - Kartfesting av Kystpilegrimsleia
  - Informasjonsarbeid (digitalt)
  - Samarbeid med Forbundet Kysten – prosjektet «Kystleden»
  - Vurdering av den utvida arbeidsgruppa sin funksjon
  - Kystpilegrimsleia – innhald
- 2. og 3. mai 2016. Møte i den utvida arbeidsgruppa
  - > Anbudsprosess. Utarbeiding av kravspesifikasjon
- 26. mai 2016. Kunngjering av anbodskonkurranse på Doffin
- 6. juli 2016. Forhandlingsmøte med leverandørar (3 kvalifiserte anbod)
- Innsending av reviderte tilbod etter forhandling med frist 13. juli
- 15. juli 2016. Vektingsmøte av anbod
- 19. juli 2016. Tildeling av kontrakt til NCE Tourism

Som de ser, var det NCE Tourism som vann anbodskonkurransen.

### **Kort om NCE Tourism – Fjord Norge**

Kystpilegrimsleia er eit komplekst prosjekt som spennar over eit stort geografisk område. Prosjektet har god lokal offentleg forankring gjennom kontaktpersonar i 47 kommunar, har ein stor kulturell ressurstilgang, men treng sterk forankring i sjølve reiselivsnæringa.

NCE – Norwegian Centres of Expertise – er ei felles nemning på i alt 12 klyngeprosjekt som ligg under Arena – programmet til Innovasjon Norge. Fjord – Norge - regionen vart i 2007 teke opp i Arena – programmet under namnet «Innovativ Fjordturisme». I 2009 vart Fjord-Norge-regionen NCE-klynge med namnet NCE Tourism.

NCE Tourism legg til rette for reiselivsmessig innovasjonsarbeid i klynga. NCE Tourism – Fjord Norway har ein partnerskap som femnar om meir enn 120 reiselivsverksemder som geografisk femnar om fylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Ut frå arbeidet med etappesamlingar i Kystpilegrimsleia har vi sett at balansen mellom kultur/historie på den eine sida, og deltaking frå næringsinteresser på den andre ikkje har vore god nok. Prosjekteigarane har sett det slik at vi ved å knyte til oss NCE kan styrkje dei sidene av prosjektet vi har vore svakare på: næringsutvikling.

NCE er allereie inne med prosjekt i vestlandsfylka som Kystpilegrimsleia dekkjer. Innholdsmessig har Kystpilegrimsleia og NCE mange fellesoppgåver langs kysten og ein arbeider med mange av dei same aktørane og kommunane.

Det vert elles vist til: <http://www.ncetourism.com/>

### Kystpilegrimsleia – innhald

Den 22. april 2016 gjorde styringsgruppa følgjande vedtak:

- *Alle val av ruter og stader langs leia skal ha historisk grunnlag med utgangspunkt i mellomalderens seglingsleier frå Rogaland til Nidaros.*
- *Ein legg opp til at ferda langs leia i all hovudsak går føre seg til sjøs. Unnataket her er ruta langs Jærkysten og einskilde drag/eid.*
- *Det er eit føremål å gje dagens kystpilegrim ei oppleving av historie, natur og kultur som er med på å formidle ei meining og eit mål som står i samanheng med det pilegrimane opplevde på si reise langs kysten i mellomalderen.*
- *Reisa langs kysten skal likevel vere tilrettelagt for moderne pilegrimer ved å gje dei tilbod om mat og overnatting der dette er mogeleg. For å kunne gje pilegrimane eit godt service – og transporttilbod, skal det leggjast vekt på samarbeid med reiselivsaktørar og reiselivets organisasjonar.*
- *Det skal verte utvikla digitale informasjonskanalar som gjev pilegrimane opplysningar om ruter, kart og distansar mellom destinasjonane med tilhørande servicetilbod.*
- *Dei digitale systema må utformast med det føremål at det saumlaust kan inngå og overførast til nettstaden pilegrimsleden.no*
- *Følgjande arbeid vert utført i samarbeid med Nasjonalt Pilegrimssenter:*
  - *Utvikling av logo for Kystpilegrimsleia og eventuelle produkt som kan knytast til pilegrimsreisene (pilegrimsmerkje). Det skal vere ein heilskapleg grafisk profil til produkt som knyt seg til Kystpilegrimsleia.*
  - *Utvikling av ein eigen brosjyre for heile Kystpilegrimsleia.*
  - *Utvikling av pilegrimspass og stempel med tilhørande forslag til kriterie. Det er viktig at vi også er i god dialog med Nidaros Pilegrimsgård som mottak for pilegrimar.*

Nasjonalt Pilegrimssenter er no ein del av Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider (NDR).

### Vekting av destinasjonar

Den utvida arbeidsgruppa har sett det som viktig å få talet på stader ein i første omgang skal arbeide med, ned til ein handterleg storleik. Det vart difor lagt ned eit stort arbeid i vekting av destinasjonar ut frå ei rekke kriteria.

For Hordaland sitt vedkomande, ser vektinga slik ut:

| <i>Hordaland:</i>      | Prioritet |
|------------------------|-----------|
| Moster/Bømlo           | 2         |
| Sund/Fjell/Øygarden    | 4         |
| Bergen/Fana            | 1         |
| Fitjar/Sveio           | 6         |
| Lindås/Radøy/Austrheim | 5         |
| Halsnøy Kloster        | 3         |

For fullstendig liste over vektinga, sjå vedlegg 3. Vi gjer merksam på at vektinga har gått føre seg fylkesvis, og ikkje regionane i mellom.

**Utsifting av nemninga «destinasjon»**

Den utvida arbeidsgruppa i prosjektet, nytta lenge nemninga «destinasjon» om stader eller område som kunne få serleg fokus. Etter at NCE Tourism har kome inn i biletet, har det vore klargjort at «destinasjon» slik vi har nytta omgrepet, ikkje fell saman med nemninga «destinasjon» slik dette vert nytta i samanheng med reiselivsutvikling.

Det vert difor tilrådd å skifte ut «destinasjon» slik vi har nytta ordet med «nøkkelstad», eller «nøkkelområde».

**Tidslengd og økonomi i prosjektet**

I kontrakten Hordaland fylkeskommune på vegne av prosjekteigarane har inngått med NCE Tourism, er det føresett av prosjekta vert avslutta i 2018.

Prosjektet er finansiert ut prosjektperioden.

**Vidare arbeid**

Ny prosjektleiing vart introdusert for styringsgruppa i møte i Bergen 29. august. Vi legg ved NCE Tourism sin presentasjon på møtet, sjå vedlegg 4.

Når det gjeld korleis NCE Tourism vil leie prosjektet frametter, er dette å sjå i deira anbod til anbodskonkurransen (sjå vedlegg 5).

NCE har teke initiativ til møte med aktørar i Rogaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Møte i Hordaland vil kome snart og vi skal gje melding om det.

Dette brevet går til dei kommunane i Hordaland som delteke i etappesamlingane i første prosjektfase og som har meldt inn kontaktpersonar. Ved at det har gått eit stykke tid sidan prosjektet sist var aktivt, reknar vi med nokre av namna på dei kontaktpersonane vi har registrert må verte oppdatert. Vidare ser vi at Kvinnherad kommune ikkje kom med i førre kontaktrunde. Denne feilen vonar vi kan rettast opp med dette brevet, og at Kvinnherad kan nemne ut ein kontaktperson til Kystpilegrimsleia.

Tilbakemeldingar kan gjevast til kontaktperson i NCE Tourism, Synnøve Aabrekk på [synnove@ncetourism.com](mailto:synnove@ncetourism.com), telefon 55302653/416 22 807, eller til [tor.andreas.titlestad@hfk.no](mailto:tor.andreas.titlestad@hfk.no).

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Tor Andreas Titlestad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: NCE Tourism

Vedlegg.